



Politiet og Kvinnherad Energi kom på besøk til 1.klasse i dag.

**Det er stor stas å byrja på skulen, og no har allereie 1.klassingane gått meir enn ein måned på skulen. I dag var det ein ekstra spennande og viktig dag. Dei fekk nemleg besøk frå politiet og Kvinnherad Energi. Sjølvaste lensmann Jan Ludvig Fosse fortalde dei om kor viktig det er at dei er trygge i trafikken.**



Alle var så heldige at dei fekk refleksvestar av Kvinnhørad Energi

Sidan det no går mot haust, og det vert mørkare når dei er ute og går både på skulevegen og på fritida, er det viktig at trafikantane ser dei godt. Då må alle bruka refleksvest. Derfor hadde lensmannen med seg ei dame frå Kvinnhørad Energi, og ho overrekte alle ein flott ny refleksvest. Eg er sikker på at alle førsteklassingane vert kjempeflinke å bruka den når dei er ute og går. Dei følgjer heilt sikkert dei gode råda dei fekk av politiet. Dei skal bruka vestane når dei har utedagar òg.

Dei fekk også oppleve både blålys og sirener på politibilen. Eg er sikker på at dette var ein skuledag som elevane vil hugsa. Dessverre var to elevar sjuke i dag så dei fekk ikkje vera med.

Så får vi håpa at vi som er eldre vert like flinke som førsteklassingane til å bruka refleksvestar no når det går mot mørkare tider.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Hilde Bringedal